



Langenes Bygg AS  
Kvassnesvegen 19  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1795 - 16/19480

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.07.2016

## Løyve til oppføring av tilbygg til gbnr 172/38 Hopland

### Administrativt vedtak. Saknr: 352/16

**Tiltakshavar:** Lindås kommune v/Terje Fauske  
**Ansvarleg søkjar:** Langenes Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til Seim skule med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 57 m<sup>2</sup> og som gjev ei auke i bruksareal på om lag 54 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad etter gjennomført tiltak er opplyst til 12,83 % BYA.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.05.16 og endeleg supplert 27.06.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 01.06.16. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 27.06.16. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 24.08.16.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Seim skule med utbetring av FV 402/id1263-201007 er definert som offentlegføremål - undervisning.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Plan- og miljøvalet har i vedtak datert 14.12.11 sak 224/11 gjeve mellombels dispensasjon frå rekkefølgekrav i gjeldande reguleringsplan med omsyn til pkt. 2.5.1 i



føresegna. Dispensasjonen har varer så lenge bygningen/tiltaket står. Omsøkt tiltak krev ikkje ny dispensasjon.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Der er innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet, datert 22.06.16 (saksref.: 2016/27734), samtykke er gjeve på vilkår.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 26.04.16, dagsett 27.06.16. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense ikkje påført, men er i kommunen sitt kartsystem GEMINI målt til å vere over 4 meter. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan. Tiltaket er underordna eksisterande byggverk på eigedomen.

#### **Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

#### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering og avkøyrsløse. Teikningar viser plassering i høve eksisterande bygning.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **VURDERING**

##### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

##### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av tilbygg til Seim skule på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 26.04.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

**Kommunen legg motteken gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett til grunn for tiltaket.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/1795**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Langenes Bygg AS

Kvassnesvegen 19 5914

ISDALSTØ